

## Bjergvin bispedømeråd etter Kyrkjevalet 2009

<p>Fargekodar</p> <p>Fargane er tolkinga til NNFE, men svara er dei kandidatane har gjeve.</p> <p>Dei gule kandidatane er dei kandidatane som er tilrådde frå NNFE.</p>	For dagens liturgi med ekteskapet for ein mann og ei kvinne	<p>Delegatane har alle fått følgjande spørsmål frå Nordisk nettverk for ekteskapet (NNFE):</p> <p>Den nye ekteskapslova krev at ekteskap inngått i Den norske kyrkja skal ha ein liturgi godkjend av Kyrkjemøtet for at ekteskapet skal vera gyldig. På bakgrunn av dette vil vi gjerne vita om du meiner at ekteskapet er ein institusjon for ein mann og ei kvinne.</p> <p>Dersom du blir vald som delegat til Kyrkjemøtet, vil du røysta for forslag som tek vare på dagens liturgi? Svar ja, nei eller uklår/veit ikkje.</p> <p>I Bjergvin vart tre av sju lekfolk valde direkte av veljarane. Resten blei vald av sokneråda i november.</p>
	For ein ny liturgi som opnar for kjønnsnøytrale ekteskap	
	Veit ikkje/uklår	
	Ønskjer ikkje svara/har ikkje svara	

Navn	Alder	Stilling, bosted, sokn	Bevare dagens liturgi?
------	-------	------------------------	------------------------

### Lekfolk

Bodil Birkenes	54	Lektor, Erdal sokn, Vesthordland prosti	<p>Jeg vil ikke stemme for en liturgi som åpner for vigsel av andre samlivsformer enn ekteskap mellom mann og kvinne.</p> <p>Svart på epost fra NNFE.</p>
Cathrine Halstensen	30	Leder av selvhjelps-senteret Batteriet Vest Norge, Hyllestad sokn, Ytre Sogn prosti	<p>Kandidaten var ikke i stand til å svare umiddelbart. Ville tenke gjennom spørsmålene og svare skriftlig. Ikkje svart på epost frå NNFE.</p>
Henny Koppen	54	Høgskulelektor, Nedstryn sokn, Nordfjord prosti	<p>Eg kan utdjupe kva eg meiner når det gjeld spørsmålet om homofile parforhold. Eg er av dei som meiner den gamle partnerskapslova var god. Eg meiner homofile og lesbiske skal ha full rett til å inngå forhold som liknar på ekteskapet, men eg tenkjer at ekteskapet slik vi kjenner det er ei ordning for mann og kvinne. Partnerskapslova gjeld ikkje lenger og ei ny ektekspslov er vedteken. Kyrkjemøtet har som kjent ikkje gått inn for denne. Det mest redelege ville vel vere om kyrkja seier frå seg vigselfretten og at vi gjer som i mange andre land, tek imot par for å gi dei kyrkja si velsigning etter at dei har blitt vigde "borgerleg". Ei slik forbønshandling kan vere lik for både einkjønna og tokjønna par.</p> <p>Svart på epost frå NNFE.</p>

Ingmar Ljones	65	Seniorrådgjevar på opplæringsavdelinga, Hordaland fylkeskommune, Arna sokn, Arna og Åsane prosti	<p>Ja. Ekteskapslova må gjelda for par av ulike kjønn, og vi må finna ei anna løysing for einkjønna forhold.</p> <p>Svart muntlig til NNFE og skriver også i sin presentasjon til bispedømerådet:</p> <p>For meg er det ingen motsetnad mellom å vera tydeleg i homofilidebatten og samstundes visa homofile vørnad. Eg er einig med biskopen vår, Halvor Nordhaug, som held fast ved at dei som lever i homofilt samliv, ikkje bør ha vigsla stillingar i kyrkja.</p>
Egil Morland	59	Rektor ved NLA Høgskolen, Fjell sokn, Vesthordland prosti	<p>Jeg vil bevare dagens liturgi i det som angår hovedsaken: ekteskapet mellom én mann og én kvinne som eneste legitime samlivsform, kirkelig sett. Jeg viser til den bibelske skapelseslæren, til det samlede bibelske vitnesbyrd om dette, til kjønns polariteten som forutsetning for nytt liv, og til at barnets behov og rettigheter går foran de voksnes behov for selvrealisering.</p> <p>Svart på epost fra NNFE.</p>
Magne Skjeldal	43	Bonde, Voss sokn, Hardanger og Voss prosti	<p>Eg meiner spørsmålet som er stilt her er noko uklart, eg vil arbeida for å ta vare på dagens liturgi, og evt. framlegg som Kyrkjemøtet vil ta stilling til, vil jo ha utgangspunkt i å endra på dagens liturgi.</p> <p>Mitt syn byggjer på det Bibelen seier om ekteskapet, nemleg at dette Guds gode vilje for samlivet mellom mann og kvinne. Kyrkja har alltid hatt dette som lære, og eg vil vona det vil vera slik i framtida og.</p> <p>Svart på epost frå NNFE og skriver i sin presentasjon:</p> <p>I Kyrkjemøtesaka i 2007 røysta eg med dei som ikkje ville opna opp for vigsla teneste for homofilt samlevande. I bispedømerådet har fleirtalet til no ikkje hatt ynskje om å tilsetja homofilt samlevande prestar, og eg vil arbeida for at denne praksisen held fram. Likeeins vil eg gå mot om der kjem framlegg om at kyrkja skal arbeida fram liturgi for inngåing av samkjønna ekteskap.</p>
Monica Ugulsvik	23	Student, Fet og Joranger sokn, Indre Sogn prosti	Ikkje svart på epost frå NNFE.

#### Lek kyrkjeleg tilsatt

Tone Synnøve Øygard Steinkopf	36	Kantor, Vaksdal, Hardanger og Voss prosti	Ikkje svart på epost frå NNFE.
-------------------------------	----	---	--------------------------------

#### Prest

Roar P. Strømme	56	Sokneprest, Fusa sokn, Midhordland prosti	<p>Ja.</p> <p>Svart på epost frå NNFE, og skriver følgende i sin presentasjon:</p> <p>Også prestar og kyrkjelydar som ikkje er sentrumsteologiske må gjevast rom og ryggdekning i kyrkja, ikkje minst dei som er under press fordi dei held seg til klassisk, men ikkje politisk korrekt kristendom.</p>
-----------------	----	---	--



